



Arkivnr: 2014/555-1

Saksbehandlar: Lise Ådlandsvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		22.01.2014

Årsmelding for Fylkestrafikkssikringsrådet i Hordaland (FTR) 2013

Samandrag

Fylkesrådmannen legg med dette fram årsmelding og rekneskap for 2013 frå Fylkestrafikkssikringsrådet i Hordaland (FTR). Etter vedtak om oppretting av Fylkestrafikkssikringsutval i Hordaland (FTU) i møte den 23.10.13 (sak 74/13), er FTR no nedlagt. Budsjett for 2014 vert difor lagt fram som eiga sak i FTU.

FTR har i 2013 hatt særleg fokus gjennomføring av etterundersøkinga i blinkelysprosjektet, kampanjearbeid gjennom etablering av to reklamefilmsnuttar, Bybanekampanje, trafikkssikringsdagar for lærlingar i TS-hallen, trafikkssikringskonferanse for kommunane og tildeling av midlar til kommunale trafikkssikringsplanar.

I tillegg har det vore arbeidd med den nye handlingsplanen for trafikkssikring i Hordaland 2014-2017, og etablering av FTU i Hordaland.

Forslag til vedtak

1. Samferdselsutvalet tek årsmeldinga/rekneskapet for FTR for 2013 til orientering.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 09.01.2014

Årsmelding for Fylkestrafikksikringsrådet i Hordaland (FTR) 2013

FTR har hatt til saman ni representantar frå ulike forvaltningsorgan/organisasjonar i Hordaland. Rådet har hatt totalt ni møter i 2013, og handsama 40 saker. I tillegg har det vore nokre særsmøte knytt til arbeidet med den nye handlingsplanen.

Tilskotssøknader

Totalt vart det tildelt tilskot til 15 arrangement, med ein totalsum på 796.100 kroner. Dette er omlag det same som dei førregåande åra. FTR ser at mange av tilskotssøknadane til arrangement går att kvart år, nærmast som faste søknader, og det er eit ynskje å nå breiare ut til kommunar og organisasjonar/lokallag. For å gjere tilskotsordninga betre kjend vart det i mars 2013 sett inn annonse i alle lokalavisene i fylket. Ettersom det her over tid har vore eit mindreforbruk er denne potten redusert til 800.000 kr i kommande planperiode.

Satsingsområde og tiltak i 2013

Satsingsområda viser tilbake til prioritering av midlar til trafikantretta tiltak i handlingsplanen for plan-perioden 2010-2013. For 2013 vart nokre av satsingsområda valt ut, og arbeidd særskilt med.

Informasjon og kampanjar

Sommaren 2013 fekk FTR produsert to ulike reklamefilmsnuttar som på ulikt vis set fokus på trafikksikring. Den første filmen har fokus på mobilbruk i bil, medan den andre får fram at Hordaland er det fylket som har flest dødsulukker (2012-tal). Mobilfilmen var sendt som reklame (fulldistribusjon) på Bergen kino 2. halvår 2013. Den fekk også omtale i fleire media då den vart lansert. Begge filmane er å finne på youtube.

Bybanen i Bergen er fortsatt eit relativt nytt element i trafikkbiletet særleg med tanke på vidare utbyggingar, og i handlingsplanen er dette trekt fram som særleg viktig i trafikksikringsarbeidet til FTR. På lik linje med 2011 og 2012 vart det også sommaren 2013 gjennomført ein kampanje retta mot trafikantar som ferdast ved Bybanen.

Kampanjar særleg retta mot ungdom

I midten av oktober vart det gjennomført 4 trafikksikringskurs for lærlingar i TS-hallen, der tilsaman 90 lærlingar deltok. Styret i Trafikksikringshallen stod for opplegget i hallen, medan FTR hadde ansvaret for invitasjon, påmelding, tilrettelegging av transport, samt kostnadane knytt til gjennomføring av kursa. Dette var andre gongen eit slikt arrangement vart gjennomført, og det var ei god auke i talet på deltakarar.

Trafikkopplæring i barnehage/skule

FTR ynskjer å leggje til rette for at tilsette i barnehagar og skular kan auke sin trafikksikringskompetanse, og i dette arbeidet er Trygg Trafikk ein viktig medspelar. Våren 2013 vart det arrangert trafikksikringskurs for tilsette i barnehage og skule i regi av Trygg Trafikk, der kostnadane gjekk over FTR sitt budsjett. Over denne posten har FTR også kjøpt inn materiell til bruk i undervisning, samt produksjon av animasjonsfilm om barn i bil i regi av Trygg Trafikk sentralt.

Refleksinnkjøp og -kampanje

FTR kjøper kvart år inn eit stort antal refleksar og refleksvestar til utdeling. Det vart også kjøpt inn paraplyar med refleksband i 2013. Store delar av dette er distribuert til representantane i FTR for vidare utdeling på ulike arrangement. Fylkeskommunen har sjølv delt ut til kommunar, skular/barnehagar og andre. For å få auka fokus på refleksbruk fekk FTR i 2011 utarbeidd ein refleksplakat til bruk i kampanjesamanheng. Årets reflekskampanje vart gjort som ei annonse, og vart sett inn i dei fleste lokalavisene i Hordaland. Annonsa hadde tre hovudbodskap, - det første var reflekskampanjen «Bli sett. Bruk refleks!», og den andre delen var ein opplysningskampanje om fart, rus og bilbelte, og dernest ein informasjonsdel om etablering av eit FTU i Hordaland.

Fylkesfinalen i sykling

Fylkesfinalen i sykling vert arrangert kvart år i september, og samla i 2013 i underkant av 50 elevar på 7. trinn til praktisk og teoretisk prøve finaleldagen. Trygg Trafikk og Politiet stilte frå FTR. Arrangementet vert sett pris på, og får mange gode tilbakemeldingar.

Før- og etterundersøking om effekten av blinkelys for fotgjengarar

Samferdselsutvalet vedtok i møte 14.06.11 at eit prosjekt om utprøving av blinkelys på fotgjengarovergongar i Hordaland skulle startast opp, og ulike typar gangfelt vart vald ut til å inngå i prosjektet. Blinkelysa fungerer slik at sensorar registrerer fotgjengearar som skal over, og blinkelys på kvar side av vegen blinkar då ut i vegbanen. I februar 2012 vart førundersøkinga gjennomført. Då vart det gjort ei kartlegging av fotgjengearane si trafikkåtferd ved kryssing av gangfelta, saman med åfferdsregistrering av bilistar og syklistar. Våren 2013 vart etterundersøkinga gjort.

Konklusjonane frå rapporten er at bruk av blinkelys kan fungere der forholda teknisk sett ligg til rette for å etablere blinkelysa. Dette inneber at det må vere enkelt å detektere forgjengearane som skal over, og ikkje langsgåande gangtrafikk, samstundes som sensoren må fange opp fotgjengaren før denne er komme ut i vegen. Vidare peiker rapporten på at gangfeltet bør ligge utanfor sentrumsområde. Det siste har samanheng med at effekten er størst der det er få fotgjengearar, og bilistane har større fart.

Utarbeiding av ny handlingsplan

Utarbeiding av ny handlingsplan for trafikksikring for perioden 2014-2017 har som kjent vore eit viktig arbeid i 2013. Konsulent vart henta inn på vårparten, og høyringsutkastet vart lagt fram i SAMU i oktober. Planen var også tema på trafikksikringskonferansen.

Trafikksikringskonferanse for kommunane i Hordaland

I handlingsplanen er det sett av eigne midlar til å arrangere trafikksikringskonferanse for kommunane i Hordaland. Konferansen i 2013 hadde eit særleg fokus det på nasjonale og regionale trafikksikringsarbeidet, samt at prosjektet Trafikksikker kommune var eit viktig tema å løfta fram for kommunane.

Driftstilskot til TS-hallen

I Handlingsplanen for trafikksikring for Hordaland 2010-2013 er det vedteke å yte 100.000 kr årleg i driftstilskot til TS-hallen. Dette ligg også inne i kommande planperiode.

Tilskot til kommunale trafikksikringsplanar

Ved handsaminga av handlingsplanen (2010-2013) vart det gjort vedtak om å yte tilskot til arbeidet med å utarbeide kommunale trafikksikringsplanar. Det vart løyvd kr 500.000 årleg til dette, og i 2013 fekk totalt fem kommunar tildelt tilskot. Ordninga er vel motteke. Ei slik tilskotsordning ligg også inne i den nye handlingsplanen.

Rekneskap for fylkeskommunale trafikksikringsmidlar (tilskotsmidlar) i Hordaland i 2013

Midlar tildelt etter søknad

I tabellen under følgjer oversyn over fordelinga i 2013:

	Tiltak	Tilskot
1	Stiftelsen Norsk Luftambulanse - arr. Grieghallen russe	90 000
2	Trygg Trafikk - aktivitetsmidlar	310 000
3	TSU-Nordhordland - russearr.	50 000
4	Knarvikmila Ungdomsløpet - trafikkurs 10. klasse	30 000
5	Ågotnes skule – sykkeldag	3 700
6	Fitjar Frivilligsentral – TS-dag	20 000
7	Sykkeldagen i Ytrebygda	25 000
8	Trafikksikringsdag i Kvinnherad	35 200
9	Bygdelaget Leiknes - uteareal/sykkelbane	25 000
10	Kløvheim Bygdelag – Refleksjakten 2013	15 000
11	Alversund skule – Aksjon aktiv skuleveg	11 700
12	Ettertankens dag – TS-dag i Bergen	25 000
13	Hordaland politidistrikt - reflekskonkurranse	72 000
14	Ettertankens dag – minnemarkering 2014	58 500
15	X-Traffic UB - Prosjektmidlar	25 000
	Totalt	796 100

Midlar fordelt av FTR til trafikantretta tiltak

Samferdselsutvalet gjorde i møte 13.02.13 vedtak om løyving på 3 mill kroner til fordeling til trafikantretta tiltak. I 2013 vart det gjort ei større omdisponering i budsjettet, jf melding om omdisponering av midlar (melding 60/13) og sak om halvårsrapportering for FTR (sak 58/13). Unytta midlar vart då flytta til prosjektpost 1 Informasjon og kampanjar på bakgrunn av produksjon av reklamefilmar. Under følgjer ein oversikt over bruken av midlane.

Prosjektpost	Rev. budsjett 15.05.	Midlar brukt
1 Informasjon og kampanjar	860 000	861 199
2 Kampanjar særleg retta mot ungdom	20 000	21 350
3 Trafikkopplæring i barnehage/skule	200 000	106 966
4 Refleksinnkjøp og -kampanje	450 000	502 822
5 Fylkesfinalen i sykling	60 000	63 830
6 Før- og etterundersøking av blinkelys	300 000	301 750
7 Utarbeiding av ny handlingsplan	300 000	311 075
8 Trafikksikringskonferanse for kommunane	100 000	24 751
9 Driftstilskot til TS-hallen	100 000	100 000
10 Tilskot til kommunale trafikksikringsplanar	500 000	500 000
11 Diverse	90 000	98 208
Totalt	3 000 000	2 891 951

Ved utgangen av 2013 var det altså eit mindreforbruk på totalt 311.949 kroner, fordelt med nemnde 203.900 kr i tilskotsmidlar, og 108.049 kr i mindreforbruk til prosjektpostane i regi av FTR. Dette inneber at det i 2013 igjen var eit mindreforbruk, men dette var lågare enn dei førregåande åra. Årsakene til mindreforbruket innanfor potten på 3 mill kr heng mellom anna saman med at det ikkje vart kurs for barnehagetilsette hausten 2013, og at det var sett av meir midlar enn det var trong for til trafikksikringskonferansen for kommunane.